

BARN OG FAMILJEDET	SAKS
ARKIVNR: 330.00	ÅR.
SAKSBEF.	SIGN.:
SAKS NR. 2004/04169	

Attendemelding på høringsnotat frå BFD angående ny barnehagelov.

Lom kommune har motteke høringsnotat om ny barnehagelov. Etter å ha gått igjennom lovforslaget, har vi kome fram til fylgjande attendemelding:

387

I lovforslaget står det at barnehagen skal vera ei pedagogisk tilrettelagt verksemd. Vi meiner at denne lovteksta kan mistolkast i den meinig at pedagogar kun har ansvar for tilrettelegging, ikkje gjennomføring av pedagogisk arbeid. Slik vi ser det, bør lovteksta omfatte at barnehagen er ei pedagogisk verksemd med Rammeplanen som eit forpliktande dokument med føringar for mål og innhald i barnehagen.

Det er viktig å sikre foreldremedverknad i barnehagen. Vi ynskjer ytterlegare klargjering av foreldra sin rett til påverknad. Det vil ikkje vera samsvar i lovverket dersom ein tek bort §6 og beheld §4.

Vi støttar forslaget om å stadfeste barnehageeigar sitt ansvar i lova, og tydeleggjering av kommuna sitt ansvar som barnehagemyndigheit. Vi saknar imidlertid ei drøfting av barnehagemyndigheita sitt faglege ansvar, samt ansvar for kvalitets-og kompetanseutvikling. Kvalitetsføringar i barnehagelova er viktig for at brukarane kan sikrast ein god barnehage med gode verdiar der barna deira blir godt ivaretekne. Regulering av kompetansekrav, bemanningskrav, gruppestorleik og areal i barnehagelova ser vi derfor som nødvendig.

Vi meiner at barnehagen er ein viktig læringsarena. For å oppfylgje dette, må det stillast krav om førskulelærarkompetanse i stillingane som styrar og pedagogisk leiar. Vi ser derfor ingen grunn til å endre lovteksta slik den er i dag når det gjeld krav til utdanning for å fylle desse stillingane. Førskulelærarar er spesialutdanna for arbeid i barnehagen, og har den beste kunnskapen om korleis dette arbeidet skal leggjast til rette og gjennomførast. Styrar har rettleiingsansvar for dei øvrige tilsette, og vi meiner derfor at det trengs den faglege bakgrunnen som førskulelærarutdanninga gjev til dette arbeidet. Styrar er også ansvarleg for kvalitetsutviklinga i barnehagen. Kvalitet heng, slik vi ser det, saman med innhald, som byggjer på kjennskap til barnehagen sin eigenart.

Den tid vi har ei 3-årig høgskuleutdanning retta mot arbeidet i barnehagen, ser vi det som naturleg at det stilles krav om denne utdanninga for styrarar og pedagogiske leiarar.

Vi ser det også som viktig å oppretthalde stillingsnemningane, da desse seier noko om kva ansvar stillingane har.

Lom kommune 10/1-05

Hard Samene
sektor leiar oppvekst/hvitte